

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.09.2020
Fylkesutvalet		29.10.2020

Søknad frå VY Buss AS om ruteløyve Bergen - Trondheim

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune vedtar å tildele VY Buss AS, med org. nr. 976 948 394, ruteløyve for persontransport med buss på strekninga *Bergen-Førde-Nordfjordeid-Volda-Ørsta-Moa (Ålesund)-Vestnes-Molde-Bergsøy-Halsa-Trondheim med mellomliggende stopp.*

Det stillast vilkår til ruteløyve som er følgjande:

- 1. Ruta skal nytte Fløyfjellstunnelen til/ frå Bergen Busstasjon.*
- 2. Det må gjerast avtale med kollektivterminalane i Møre og Romsdal fylke.*
- 3. Det skal kun nyttast godkjente stoppestadar for buss (det skal vere sett opp skilt for busstopp).*
- 4. Køyretøy som blir nytta på denne ruta skal vere tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne bl.a. rullestolbrukarar.*
- 5. Ruteløyve kan tilbakekallast dersom brot på gjeldande regelverk.*

Samandrag

VY Buss AS har søkt ruteløyve for strekninga Bergen – Trondheim. Fylkesutvalet er forplikta til å godkjenne denne typen ruteløyve, men kan sette vilkår.

Fylkesrådmannen har etter ei vurdering av søknaden funne forslag til å sette dei vilkåra som framgår av forslaget til innstilling.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Vi viser til søknad frå VY Buss AS om ruteløyve for bussrute mellom Bergen og Trondheim.

Vy Buss AS søker å køyre følgjande trase`:

Bergen-Førde-Nordfjordeid-Volda-Ørsta-Moa (Ålesund)-Vestnes-Molde-Bergsøy-Halsa-Trondheim med mellomliggende stopp.

Det er i søknaden vist til at rutefrekvensen blir ein avgang tur/ retur Bergen/ Trondheim pr. dag. Vidare er det søkt om at denne ruta skal drive lokal trafikk, dvs. kunne drive busstransport av passasjerar langs mesteparten av bussruta dvs. mellom Bergen og Møre og Romsdal.

Ruteplan er som følger:

Trondheim	18:45
Halsa	21:30
Halsa	21:30
Kanestrøm	21:50
Molde	23:10
Molde fergekai	23:15
Vestnes	23:50
Moa	00:50
Solavågen	01:00
Solavågen	01:00
Festøya	01:20
Ørsta	02:00
Volda	02:20
Stryn	03:10
Stryn	03:45
Førde	06:15
Bergen	08:10

Bergen	16:20
Førde	20:30
Stryn	22:50
Volda	23:40
Ørsta	00:00
Festøya	00:40
Festøya	00:40
Solavågen	01:00
Moa	01:15
Vestnes	02:15
Vestnes	02:45
Molde	03:20
Molde	03:20
Kanestrøm	04:40
Kanestrøm	04:30
Halsa	04:50
Trondheim	07:35

Lovgrunnlag

Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (heretter yrkestransportlova), § 4.Løyve for persontransport med motorvogn seier følgjande:

«(1) Den som mot vederlag vil drive nasjonal eller internasjonal persontransport med motorvogn, må ha løyve. Det same gjeld den som utfører persontransport mot vederlag på liknande måte som drosje når tilbod om transport vert retta til ålmenta på offentleg plass eller via digitale plattformer.

(2) Løyve kan tildelast den som

- a) driv ei faktisk og varig verksemd i Noreg,
- b) har god vandel,
- c) har tilfredsstillande økonomisk evne, og
- d) har tilstrekkeleg fagleg kompetanse.»

Vidare følgjer det av yrkestransportlova, jf. § 6. Behovsprøvd løyve for persontransport med motorvogn i rute at:

«(1) Den som mot vederlag vil drive persontransport i rute med motorvogn må i tillegg til løyve etter § 4 første ledd ha særskilt løyve for rutetransport.

(2) Løyve til persontransport i rute over ei viss lengd skal ikkje behovsprøvast. Departementet fastset i forskrift den nedre grensa for persontransport i rute som ikkje skal behovsprøvast. Den nedre grensa kan ikkje setjast lågare enn 80 km. Departementet kan fastsetje i forskrift at særlege former for persontransport i rute ikkje skal behovsprøvast utan omsyn til lengda på ruta.»

Det framgår av Forskrift om yrkestransport med motorvogn og fartøy (heretter yrkestransportforskriften) § 28. Ruteplan følgjande:

«Ruteplan må være godkjent av løyvemyndigheten. Forslag om endring av ruteplan sendes løyvemyndigheten senest 4 måneder før endringen skal tre i kraft.

Løyvemyndigheten kan redusere tidsfristen etter første ledd og kan bestemme at endring kan settes i verk på kortere tid eller at iverksettelsen skal utsettes. Løyvemyndigheten kan videre gi pålegg om endring av ruteplan.»

Jf. vidare av yrkestransportforskriften, § 5. Nærmere vilkår for tildeling av løyve.

«Løyvemyndigheten kan innenfor rammen av yrkestransportlova § 25 sette nærmere vilkår for løyvet.

Vilkår som er satt for et løyve kan endres eller suppleres i løyveperioden. Vil ikke løyvehaveren fortsette driften på de nye vilkår, skal han gis en rimelig tid for avvikling.»

Vedtakskompetanse

I følge Reglement for delegering etter særlov, pkt 30, har fylkesutvalet mynde til, etter innstilling frå HU for mobilitet og kollektivtransport, å tildele ruteløyve.

Vurderingar og verknadar

Økonomi: Ingen verknadar

Klima: Ingen verknadar

Folkehelse: Ingen verknadar

Regional planstrategi: Omsøkte bussrute støttar opp under målsetningane til RTP.

Frå 1. januar 2020 vart det endringar i yrkestransportlova § 6 som omhandlar behovsprøvd løyve for persontransport med motorvogn i rute. Endringa gjeld for motorvogn i rute som køyrer strekning lenger enn 80 km. Her treng ein ikkje lenger behovsprøving men det er likevel krav til ruteløyve når ein driv ruta mot vederlag.

Praksisen hjå fleire fylker er at ein fattar administrative vedtak for ruteløyve som gjeld for strekningar over 80 km (ekspressbuss). Den samme praksisen gjeld for flybuss. Fylkesrådmannen i vil komme tilbake med sak om tilsvarande praksis for Vestland fylkeskommune.

Vidare har søknad om ruteløyve vore sendt til Møre og Romsdal fylkeskommune samt Trøndelag fylkeskommune. Vi har fått positive tilbakemeldingar. Møre og Romsdal fylkeskommune har presisert ein merknad:

Når det gjeld bruk av kollektivterminalane i Møre og Romsdal må Vy Buss gjere avtale om bruk av terminalar og spor. Møre og Romsdal fylkeskommune har ellers ingen merknader til søknaden.

Utover dei generelle vilkåra om god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse fastsett i yrkestransportforskrifta § 4, kan løyvestyresmakta med heimel i § 5 setje nærare vilkår for løyvet.

Det skal også vere eit vilkår at turvognløyvet i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll, jamfør føresegnene om kontrolldokument i yrkestransportforskrifta § 13.

Dersom fylkeskommunen på eit seinare tidspunkt finn det naudsynt med fleire vilkår, eller at det er trong for å endre nokon av vilkåra vedteke i denne saka, kan dette gjerast med heimel i yrkestransportforskrifta § 5.

Følgjande vilkår stillast til ruteløyvet:

1. *Ruta skal nytte Fløyfjellstunnelen til/ frå Bergen Busstasjon.*
2. *Det må gjerast avtale med kollektivterminalane i Møre og Romsdal fylke.*
3. *Det skal kun nyttast godkjente stoppestadar for buss (det skal vere sett opp skilt for busstopp).*
4. *Køyretøy som blir nytta på denne ruta skal vere tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne bl.a. rullestolbrukarar.*
5. *Ruteløyve kan tilbakekallast dersom brot på gjeldande regelverk.*

Konklusjon

Søknaden skal som vist ikkje behovsprøvast. Fylkesutvalet må difor godkjenne søknaden. Fylkesrådmannen forslår difor slikt vedtak med dei vilkår som er satt i forslaget til innstillinga.

Vestland fylkeskommune vedtar å tildele VY Buss AS ruteløyve for persontransport med buss på strekninga Bergen-Førde-Nordfjordeid-Volda-Ørsta-Moa (Ålesund)-Vestnes-Molde-Bergsøy-Halsa-Trondheim med mellomliggande stopp.

Det stillast vilkår til ruteløyve som er følgjande:

1. *Ruta skal nytte Fløyfjellstunnelen til/ frå Bergen Busstasjon.*
2. *Det må gjerast avtale med kollektivterminalane i Møre og Romsdal fylke.*
3. *Det skal kun nyttast godkjente stoppestadar for buss (det skal vere sett opp skilt for busstopp).*
4. *Køyretøy som blir nytta på denne ruta skal vere tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne bl.a. rullestolbrukarar.*
5. *Ruteløyve kan tilbakekallast dersom brot på gjeldande regelverk.*

Bussruta skal ha ein avgang tur/ retur Bergen/ Trondheim pr. dag.